

Barnehage og skule går over til nytt digitalt system for sakshandsaming 2020

I løpet av januar 2020 går barnehage, ressurscenteret for styrka barnehagetilbod, skule og PPT over til å bruke eit nytt digitalt arkivsystem.

Kva betyr det?

Det betyr at all ny dokumentasjon om barn i barnehagen og elevar i skulen blir produsert og lagra elektronisk i eit nytt system som heiter **Public oppvekst**. Informasjonen blir framleis lagra i digitale barnemapper og elevmapper. Kommunikasjonen med foreldre vil gå via digital post, det er nytt i Finnøy.

Kvifor går kommunen over til nytt digitalt arkiv?

Fordi det er eit sikkert og effektivt system som allereie er tatt i bruk i Stavanger. Eit felles digitalt system for registrering, produksjon og oppbevaring av dokumentasjon om barnehagebarn/elevar vil føre til betre samhandling internt i den nye kommunen. Det er meir effektivt fordi det blir lettere for tilsette å finne informasjon og dokumentasjon, samt at det sikrer like rutinar.

Kor sikkert er det nye systemet?

Sikkerheit og personvern er varetatt fordi Public oppvekst er lagt på sikker sone i Stavanger kommune. Det er difor sikrere enn å oppbevare dokument i fysiske arkivskap. Det er dobbel pålogging for at systemet skal vere så sikkert som mogleg.

Kva er det som blir arkivert?

Alt som er arkivverdig og som må dokumenterast. For eksempel vedtak om barnehageplass, søknader og svar på permisjonar i skule, referat fra samarbeidsmøter mellom foreldre og skule, vedtak om spesialpedagogisk hjelp /spesialundervisning og resultat frå kartleggingar. Det er kun informasjon om barnet/eleven som blir lagra i mappene.

Kven har tilgang?

I barnehage har styrar og pedagogisk leiar tilgang til mappa. I skule har eleven sin kontaktlærer og faglærer tilgang. Rektor og skulekonsulent har også tilgang til alle elevmapper på skolen. Mappa følger barnet så lenge han/ho går i barnehagen. Når barnet begynner på skulen, blir det oppretta ei ny mappe. Så lenge barnet er under 18 år har foreldrene rett til innsyn i mappa.

Kva skal eg som forelder gjere i samband med at kommunen går over til Public oppvekst?

Hvis du ikkje har ein digital postkasse, er det lurt å opprette ein no. Kommunikasjon som gjeld arkivpostar frå barnehagen eller skulen vil gå via digital postkasse. Vekeplanar og månadsplanar blir levert som før, men all kommunikasjon **om enkeltbarn** vil gå digitalt. Foreldre som ikke har oppretta digital postkasse (f.eks. digipost, e-boks) vil få informasjonen i vanleg brev etter 48 timar. Ingen informasjon med personopplysningar vil blir sendt via epost.

Med helsing Finnøy kommune- oppvekst.